

## Møteinnkalling 1/17 – P3

**Delprosjekt:** P3 – Interkommunalt samarbeid  
**Møtestad:** Haram rådhus - formannskapssalen  
**Dato:** 26.09.2017  
**Tid:** 0815 - 1245

<i>Medlem</i>	<i>Vara</i>	
<b>Oddvar Myklebust, leiar</b>	Nils Magne Abelseth	Sandøy kommune
<b>Frode Andresen, nestleiar</b>		Ørskog kommune
<b>Frode Nordstrand</b>		Tillitsvalde/HVO
<b>Haldor Lillebø</b>		Haram kommune
<b>Kjell Haukeberg</b>	Karoline Stette	Skodje kommune
<b>Svein-Rune Johannessen</b>	Anne Kristin Bryne	Ålesund kommune

Meld frå om forfall til delprosjektsekretær på e-post [tore.hals@alesund.kommune.no](mailto:tore.hals@alesund.kommune.no) eller telefon 916 70 182.

Vara møter etter nærare avtale.

### Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
001/17	Mandat og felles føringar
002/17	Gjennomgang av «Hopehav – kartleggingsrapport om interkommunalt samarbeid i kommunane som inngår i nye Ålesund kommune
003/17	Arbeidsprosess og møteplan

13.09.17

Oddvar Myklebust  
Leiar

## Mandat og felles føringar

Sak nr	Utval	Møtedato
001/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	26.09.2017

### Framlegg til vedtak:

Delprosjektgruppa tar mandatet for delprosjektet og felles føringar for alle delprosjekta til orientering.

### Vedlegg:

1. Felles føringar alle delprosjekt vedtatt 24.08.17
2. Mandat for delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid

### Saksutgreiing:

Fellesnemnda har i møte 24.08.17 vedtatt felles føringar for alle delprosjekta, sjå vedlegg 1.


Dei felles føringane peikar mellom anna på dette:

- Delprosjekta skal kartlegge dagens situasjon
- Identifisere kva som må prioriterast og vere på plass før 01.01.20
- Tenk innovativt og nytt for å oppnå meir enn berre fusjon
- Tenk realisering av vinstar med betre kvalitet og høgare effektivitet
- Utforme prosjektplan, utdjupe mål og sette opp fasar med klare milepælar
- Vurdere risiko og sårbarheit
- Koordinere arbeidet med andre delprosjekt

I same møte drøfta fellesnemnda mandat for kvart delprosjekt. Mandatet for delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid er lagt ved, vedlegg 2.

Mandatet definerer mellom anna

- kva som er oppdraget for P3
- effektmål
- resultatmål



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

- framdriftsplan
- overlapping og koordinering med andre delprosjekt

Dei to dokumenta blir lagt fram for delprosjektgruppa til orientering.

\*

Tore Hals  
delprosjektsekretær

## Vedlegg1

Versjon 24.8.2017

### **FELLES FØRINGAR FOR ALLE DELPROSJEKT I NYE ÅLESUND**

Mandat for delprosjekta i nye Ålesund er gitt av fellesnemnda, og kan endrast av fellesnemnda. Mandat er ei overordna ramme og bestillinga frå fellesnemnda til delprosjektet. Mandatet har til hensikt å kort beskrive, definere og avgrense formålet med gjennomføring av delprosjektet. Delprosjektgruppa skal med bakgrunn i mandatet utarbeide ein prosjektplan for korleis delprosjektet vil løyse mandatet. Prosjektplanen skal også godkjennast av fellesnemnda.

#### **1. Felles innleiing**

##### **Bakgrunn for prosjekt nye Ålesund 2020**

Som ein del av den nasjonale kommunereforma, vedtok kommunestyra i Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund i 2016 å søke om kommunesamanslåing frå 1. januar 2020. Stortinget vedtok 8. juni 2017 at også Haram skal inngå i den nye storkommunen.

Dei overordna målsettingane for kommunereforma er gjeldande for delprosjekta:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

##### **Intensjonsavtalen og overordna styringsdokument for nye Ålesund ligg til grunn**

Som grunnlag for vedtaka i kommunestyra, blei det juni 2016 inngått ei intensjonsavtale mellom Sandøy, Skodje og Ålesund. I juni 2017 har også Haram og Ørskog slutta seg til ei oppdatert utgåve av intensjonsavtalen. Føringane frå intensjonsavtalen skal leggest til grunn for alle delprosjekt i bygging av nye Ålesund kommune.

Overordna styringsdokument «*Slik bygger vi nye Ålesund*» er overbygning for alle delprosjekt. Delprosjekta skal bygge opp under visjon, mål, verdiar og andre retningslinjer i overordna styringsdokument, og kan ikkje gå på tvers av dette.

Intensjonsavtalen og overordna styringsdokument legg til grunn at den nye kommunen skal etablerast på bakgrunn av eit likeverdig samarbeid mellom dei fem kommunane. Likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad er prinsipp som skal prege samarbeidet om samanslåing. Lokal identitet og nærdemokrati skal vere høgt prioritet. Med utgangspunkt i kommunane sin styrkje og særtrekk, er det ein heilt ny kommune som skal etablerast, bli drifta og vidareutviklast.

Berekraft og nyskaping skal ligge til grunn for utviklinga i den nye kommunen.

Nye Ålesund må bygge på framtidens modellar for arbeidsdeling og samhandling.

Den nye kommunen skal ha ein ny, effektiv og innovativ organisasjon. Dette skal styrke samhandling på tvers samtidig som ein tek vare på god forvaltningsskikk. For å lukkast med dette må vi ha eit godt og tillitsbasert samspel med innbyggjarar og frivillige, næringsliv, administrasjon, tillitsvalde og politikk. Nye Ålesund skal ha tverrfagleg og nettverksbasert organisering av administrasjon og tenester. Den nye kommunen skal vere ein føregangskommune i digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene. Metodisk og systematisk bruk av ny teknologi som stimulerer til nye arbeidsformer, effektiviserer arbeidsmetodar, og intern så vel som ekstern kommunikasjon.

## **2. Felles føringar for alle delprosjekt**


- Alle delprosjekt har ansvar for å kartlegge dagens situasjon identifisere kva som må prioriterast og vere på plass før 1.1.2020.
- Delprosjekt skal vere prega av innovasjon og nytenking, og oppnå meir enn berre fusjon.
- Alle delprosjekt skal vektlegge gevinstrealisering, både forbedra kvalitet og effektivisering.
- Prosjekta skal følgje lovverket i forhold til journalføring og arkivering.
- Kommunikasjonsstrategien er gjeldande for delprosjekta.

### **Felles føringar - prosjektplan**

- Delprosjektgruppa skal utforme prosjektplan for korleis dei vil løyse mandatet (etter felles mal). Prosjektplanen skal framleggast for AU og fellesnemnda til godkjenning.
- Planen skal utdjupe mål, inndele delprosjektet i fasar med klare milepælar.
- Delprosjektet skal gjere ei risikovurdering/usikkerheitsanalyse og finne tiltak.
- Dersom delprosjektet ynskjer å opprette arbeidsgrupper under seg, avklarast dette med PL/PK

### **Felles føringar - rapportering**

- Delprosjektleiar i dei administrative delprosjekta skal rapportere til prosjektleiar/koordinator (PL/PK).
- Status i arbeidet vert med jamne mellomrom lagt fram for AU og fellesnemnda ut frå klare milepælar.



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

- Viktige avgjerder ligg til fellesnemnda (i henhold til mandat for fellesnemnda).
  - Dei administrative delprosjekta innstiller til PL som tek avgjerdssakene vidare til fellesnemnda.
  - Dei politiske delprosjekta innstiller direkte til fellesnemnda.
- I vanskelege saker må delprosjekt kunne gjennomgå problemstillingar med fellesnemnda før nemnda fattar vedtak.
- Delprosjektet må koordinere med andre delprosjekt der dei grip inn i kvarandre.
- Delprosjektleiariar skal delta i delprosjektleiariarforum i regi av koordinator. Delprosjektleiarane skal delta i felles opplæring i forumet, eksempelvis i prosjektleiing og prosessleiing.
- Prosjektbegrep m.v. i [www.prosjekteiviseren.no](http://www.prosjekteiviseren.no) og prosjektportalen er gjeldande for delprosjekta.

### Felles føringar - representasjon

- Alle kommunar skal vere representert i delprosjektgruppa, vanlegvis med same tal representantar.
- Det er rådmennene som avgjer administrative representantar i delprosjekta, og har høve til å endre dette undervegs. Politiske representantar vert valt av fellesnemnda etter innstilling frå kvar ordførar.
- Delprosjektgruppene skal setjast saman med vekt på: fagkompetanse, erfaring frå prosjektarbeid og balanse/representativitet når det gjelde kommunane. Samansetjinga av delprosjektgruppene kan justerast undervegs avhengig av kva for kompetanse som er naudsynt i ulike fasar av prosjektet.
- I dei delprosjekta som har både politiske og administrative representantar, deltek desse på lik linje.
- Tillitsvalde har rett på representasjon i gruppa, vanlegvis ein fast representant.
- HVO vert representert i dei delprosjekta der dette er behov.
- Eit prosjekt kan bli vidareført frå eit administrativt til eit politisk delprosjekt, eller omvendt, når prosjektet går over i ein ny fase. Det er fellesnemnda som avgjer ei slik omgjerding.

### Felles føringar - økonomi, møtestad m.v.

- Det skal skrivast referat frå møta som arkiverast, samt sendast kommunikasjonsansvarleg for publisering på [nyealsund.no](http://nyealsund.no). Det vert utforma felles referatmal.
- Møta bør haldast på omgang mellom kommunane slik at ein er til stades i alle delar av ny kommune.
- Prosjektdeltakaren som høyrer til den kommunen møtet haldast i, har ansvar for praktisk tilsettelegging med møterom, kaffe og lunch ved behov.
- Utgifter til møtemat skal førast på prosjektbudsjettet i Ålesund kommune.
- Reiseutgifter til møta dekkast av kvar enkelt kommune (når møta går på omgang, vil belastninga til reiseutgifter vere omtrent lik, men det skal takast særskilt omsyn til Sandøy).
- Større økonomiske utgifter utanom vanleg møteavvikling, avklarast med prosjektleiar/koordinator.

(Etter planen skal også overordna styringsdokument for nye Ålesund utforme prinsipp for alle delprosjekt. Henvisninga blir sett inn når dette er klart.)

## Vedlegg 2

Delprosjekt: P3 Interkommunale samarbeid  
Mandatet er gitt av: Fellesnemnda nye Ålesund kommune  
Versjon dato: 24.08.2017

Overordna styringsdokument «*Slik bygger vi nye Ålesund*» og dokumentet «*Felles føringar for alle delprosjekt i nye Ålesund*» ligg til grunn for delprosjektet.

### 1 MANDAT FOR DELPROSJEKT P3 INTERKOMMUNALE SAMARBEID

#### 1.1 Bakgrunn for dette delprosjektet

Dei fem kommunane som frå 2020 utgjør nye Ålesund kommune, deltek i dag i svært omfattande interkommunalt samarbeid. Eitt av måla med kommunereforma er å redusere behovet for slikt samarbeid slik at kommunen kan få sterkare styring og kontroll – politisk og administrativt – over dei tenestene kommunen har plikt til å gi sine innbyggjarar og det forvaltningsansvaret som er lagt til kommunen. Desse oppgåvene har kommunen ansvaret for uavhengig av kven som utfører dei på kommunens vegne.

#### 1.2 Oppdragsomtale


Intensjonsavtalen som er inngått mellom dei fem kommunane om skaping av den nye kommunen, gir fellesnemnda i oppgåve å vurdere kva samarbeid det er ønskjeleg eller nødvendig for den nye kommunen å inngå i. Delprosjekt P3 skal utarbeide ein rapport som grunnlagsdokument for fellesnemnda si avgjerd. Denne skal bygge vidare på kartleggingsrapporten «Hopehav» levert av administrativ prosjektgruppe mai 2017.

#### 1.3 Mål

##### 1.3.1 Effektmål

Det er definert følgjande foreløpige effektmål for dette delprosjektet:

1. Alle skriftlege avtalar om interkommunalt samarbeid som i dag er inngått, blir ugyldige frå og med det tidspunktet den nye kommunen er operativ (01.01.2020).



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

2. Pkt. 1 betyr at avtalane må anten bli inngått på nytt, med eller utan endring, eller seiast opp. Nye avtalar må vere signert av partane før 01.01.2020. Oppseiing av avtalar inneber overføring av oppgåvene til den nye kommunen.
3. Effektmålet med delprosjekt P3 er å få fram grunnlaget for å kunne realisere pkt. 2, dvs.
  - a. kva avtalar som bør først vidare utan endring anna enn nye juridiske partar,
  - b. kva avtalar som bør først vidare med endringar, og
  - c. kva avtalar som bør bli sagt opp.

### 1.3.2 Resultatmål

Det er definert følgjande foreløpige resultatmål for dette delprosjektet:

1. Gi grunnlag for å utforme deltakarstrategien for det interkommunale samarbeidet
2. Gi grunnlag for å utarbeide prosedyrar og rutinar for god rapportering frå og kontroll tenestene som blir ytt gjennom det interkommunale samarbeidet
3. Gi grunnlag for tidleg avklaring for kva samarbeid som bør bli sagt opp slik at det blir rimeleg god tid til å avklare korleis oppgåvene skal bli gjennomført av ny kommune i eigen regi.

### 1.4 Organisering og ansvar

- Prosjektgruppa består av:

○ Haram kommune:	Haldor Lillebø	vara
○ Sandøy kommune:	Oddvar Myklebust	vara Nils Magne Abelsest
○ Skodje kommune:	Kjell Haukeberg	vara Karoline Stette
○ Ørskog kommune:	Frode Andresen	vara
○ Ålesund kommune:	Svein Rune Johannessen	vara Anne Kristin Bryne
○ Tilsettrepresentant:	Frode Nordstrand	
- Leiar og nestleiar av prosjektgruppa er: Oddvar Myklebust og Frode Andresen
- Administrativ tilsetteleggar er: Tore Hals

### 1.5 Rapportering

Rapportering skal skje i styringslinjene til prosjektorganisasjon for nye Ålesund kommune.

Prosjektet rapporterer undervegs til prosjektleiar/koordinator etter avtale. Leiar av delprosjektet deltek i prosjektleiarforumet for nye Ålesund. Prosjektplan med risikoanalyse leggast fram for prosjektleiar/koordinator og deretter AU og fellesnemnda.

### 1.6 Framdriftsplan

Delprosjektgruppa varer til våren 2018, og vert forlenga om behov. P3 bør avslutte sitt arbeid ganske tidleg, av fleire årsaker m.a.:

- avtalar som den nye kommunen vil gå ut av, får konsekvensar for dei andre som deltek i samarbeidet. Dei må få tid til å finne ut av kva dei må gjere innan avtalen tek slutt.
- avtalar det er ønskeleg å halde fram med, må forhandlast på nytt. Dette vil krevje tid og må vere avslutta og klare frå og med den nye kommunen tek til.



- samarbeid som blir avslutta, får konsekvensar. Den nye kommunen må ta oppgåva på eigen kjøp. Dermed må dei andre arbeidsgruppene få vite dette tidleg med tanke på deira arbeid.

Fellesnemnda ber delprosjektet beskrive faseinndeling av prosjektgjennomføringa i prosjektplanen.

### 1.7 Avhengigheit til andre delprosjekt

Delprosjektet må ha overlapp eller koordinering med andre delprosjekt:

- **Delprosjekt P2 Politisk organisering:** Styringsstrukturen for det interkommunale samarbeidet heng saman med den politiske organiseringa.
- **Delprosjekt Administrativ organisering:** Oppgåver som ikkje blir løyst gjennom interkommunalt samarbeid må bli løyst i eigen organisasjon.
- **Delprosjekt A2 Kommunikasjon:** Spesielt i forhold til informasjon til tilsette.
- **Delprosjekt A7 Innkjøp:** Mykje innkjøp skjer gjennom interkommunalt samarbeid og det interkommunale samarbeidet har behov for innkjøp.
- **Delprosjekt A6 Økonomi:** Kostnadene med å delta i interkommunalt samarbeid må bli tydeleg i kommunens budsjett og rekneskap.
- **Andre prosjekt:** Vurderingane i delprosjekt innan helse, omsorg og sosial, kultur og aktivitet, næring, oppvekst, og teknisk vil vere med å avklare om oppgåvene blir løyst best i eigen regi eller i samarbeid med andre kommunar.

### 1.8 Prosjektplan og risiko- og sårbarheitsanalyse

Fellesnemnda ber delprosjektet kome tilbake med ei prosjektplan for korleis de vil løyse mandatet, og ei risiko- og sårbarheits-analyse. Denne skal omfatte identifisering av risiko for delprosjektet, vurdere kor sannsynleg det er for at dei identifiserte risikoane vil oppstå og kva konsekvensar dette vil få (på ein gitt skala), og kva tiltak som må bli sett inn for å redusere risikoane.

### 1.9 Økonomisk ramme

Delprosjektet har foreløpig ikkje fått noko økonomisk ramme. Fellesnemnda ber delprosjektet skissere eit budsjettbehov som ein del av prosjektplanen.

### 1.10 Andre forhold/krav til prosjektet

Det er allereie gjennomført eit grundig kartleggingsarbeid i av ei administrativ gruppe som leverte kartleggingsrapport i mai 2017. Delprosjektet P3 skal ta utgangspunkt i denne kartlegginga som grunnlag for politiske vurderingar og anbefalingar. Den tidlegare administrative gruppa bør delta i dei to første møta for å få ei god overføring av kunnskap.

## 2 Relevante lenker, referansar og vedlegg

Viktige relevante lenker, referansar og vedlegg til dette delprosjektet, eksempelvis nasjonale føringar for dette fagområdet:

- Kartleggingsrapport i nye Ålesund kommune datert 2.5.17 «*Hopehav - Kartleggingsrapport om interkommunalt samarbeid og eigarskap*» (er tilgjengeleg på [www.nyealesund.no](http://www.nyealesund.no)).

Nyttige lenker:

- [Lov av 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper,](#)
- [Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner» \(kommuneloven\), sjå paragrafane 27 – 28, og 28-1a – 28-1k](#)
- [Lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser \(inndelingslova\)](#)
- [Selskaper og kommunereformen. Endringer i kommunestrukturen – konsekvenser for selskaper med kommunalt eierskap, samvirkeforetak og stiftelser](#)

**Gjennomgang av «Hopehav – kartleggingsrapport om interkommunalt samarbeid i kommunane som inngår i nye Ålesund kommune**

Sak nr	Utval	Møtedato
002/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	26.09.2017

**Framlegg til vedtak:**

Delprosjektgruppa tek rapporten til orientering.

**Vedlegg:**

1. Hopehav – kartleggingsrapport om interkommunalt samarbeid i kommunane som inngår i nye Ålesund kommune. Sjå lenka [her](#).
2. Tabelloversikt om interkommunalt samarbeid i kommunane som inngår i nye Ålesund kommune med fleire. Sjå lenka [her](#).


**Saksframlegg:**

Ei administrativ arbeidsgruppe har kartlagt det interkommunale samarbeidet kommunane som inngår i nye Ålesund kommune deltek i. Dette gjeld samarbeid seg imellom og med andre. Resultatet av kartlegginga går fram av vedlegg 1 og 2. (jf. [www.nyealesund.no](http://www.nyealesund.no) )

Med denne rapporten er kartleggingsarbeidet, som dei felles føringane ber delprosjekta gjennomføre, allereie gjennomført. Prosjektgruppa bør merke seg at rapporten tek atterhald om at ikkje alt interkommunalt samarbeid er blitt fanga opp, men dei mest omfattande samarbeida er nok med i rapporten.

Kartleggingsrapporten blir lagt fram for delprosjektgruppa til orientering og for å kunne diskutere bruken av rapporten sett i lys av dei felles føringane for prosjektarbeidet og det mandatet P3 har fått.

Medlemer av den administrative arbeidsgruppa vil vere til stades i møtet for å gi utfyllande informasjon og svare på spørsmål.



Nye Ålesund kommune  
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Tore Hals  
delprosjektsekretær

### Arbeidsprosess og møteplan

Sak nr	Utval	Møtedato
003/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	26.09.2017

#### Framlegg til vedtak:

Møteplanen for delprosjektgruppa blir slik:

Møte 2: ...

Møte 3: ...

Møte 4: ...

...

I møte 2 tar delprosjektgruppe P3 sikte på å drøfte følgjande punkt:

- ...
- ...
- ...

#### Vedlegg:

«Hendelses-kalender», sjå link [her](#).

#### Saksframlegg:

Arbeidet med å skape nye Ålesund kommune er omfattande . Svært mange personar deltek, og vil kome til å delta, i mange grupper og prosjekt. Dette arbeidet må bli koordinert for å få oversikt over heilskapen og hindre at dei ulike prosjekta arbeider i motstrid med kvarandre. Det må også bli koordinert for å unngå møtekollisjonar.

Nettsidene til nye Ålesund kommune har ei oversikt over hendingar (hendelses-kalender) som viser noko av den planlagde aktiviteten, sjå liken det er vist til ovanfor. Den viser kor tett programmet er.

Dei felles føringane seier at delprosjekta skal identifisere kva som må prioriterast og vere på plass innan 01.01.20. Delprosjekta skal ut frå denne fristen utforme ein prosjektplan og ein framdriftsplan.

Mandatet for delprosjekt P3 seier følgjande om framdriftsplanen (pkt. 1.6):


Delprosjektgruppa varer til våren 2018, og vert forlenga om behov. P3 bør avslutte sitt arbeid ganske tidleg, av fleire årsaker m.a.:

- avtalar som den nye kommunen vil gå ut av, får konsekvensar for dei andre som deltek i samarbeidet. Dei må få tid til å finne ut av kva dei må gjere innan avtalen tek slutt.
- avtalar det er ønskeleg å halde fram med, må forhandlast på nytt. Dette vil krevje tid og må vere avslutta og klare frå og med den nye kommunen tek til.
- samarbeid som blir avslutta, får konsekvensar. Den nye kommunen må ta oppgåva på eigen kjøp. Dermed må dei andre arbeidsgruppene få vite dette tidleg med tanke på deira arbeid.

Fellesnemnda ber delprosjektet beskrive faseinndeling av prosjektgjennomføringa i prosjektplanen.

Hendelses-kalenderen som er nemnt ovanfor, bør delprosjektgruppa ta omsyn til. Om det ikkje skulle vere vanskeleg nok, er det også andre ting som kan legge avgrensingar i val av møtedatoar. Oversikt over nokre datoar som vil kunne vere 'låste', er mellom anna desse:

Dato	Aktivitet
<b>28. september</b>	Kommunestyre i Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund
<b>3. oktober</b>	Formannskap i Haram, Skodje og Ålesund
<b>9. – 13. oktober</b>	Haustferie
<b>19. oktober</b>	Formannskap i Ørskog
<b>23. oktober</b>	Formannskap i Sandøy
<b>24. oktober</b>	Formannskap i Haram, Skodje og Ålesund
<b>2. november</b>	Kommunestyre i Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund
<b>9. november</b>	Formannskap i Ørskog
<b>13. november</b>	Formannskap i Ørskog
<b>14. november</b>	Formannskap i Haram, Skodje og Ålesund
<b>23. november</b>	Kommunestyre i Ørskog
<b>28. november</b>	Formannskap i Haram
<b>29. november</b>	Formannskap i Skodje og Ålesund
<b>30. november</b>	Formannskap i Ørskog. Kommunestyre i Sandøy, Skodje og Ålesund
<b>5. desember</b>	Formannskap i Skodje, Haram og Ålesund
<b>12. desember</b>	Kommunestyre i Skodje
<b>14. desember</b>	Kommunestyre i Haram og Ørskog
<b>18. – 31. desember</b>	Juleferie (+ 1. januar)
<b>19. – 23. februar</b>	Vinterferie
<b>26. – 30. mars</b>	Påskeveke (+ 2. april)
<b>1. mai</b>	Arbeidarane sin internasjonale kampdag
<b>10. mai</b>	Kristi himmelfartsdag
<b>17. mai</b>	Nasjonaldagen
<b>21. mai</b>	Andre pinsedag



# Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Delprosjektgruppa blir bedt om å drøfte arbeidsprosessen vidare og sette opp møteplan.

\*

Tore Hals  
delprosjektsekretær